

EXPO 2010 OG SAMARBEIDSRELASJONAR MED KINA

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet peiker ut ein delegasjon som reiser til Shanghai i 2010 i samband med EXPO 2010.
2. Representantane frå Vestlandsrådet deltek som del av ei samla Vestlandsgruppe. Målet er å sjå nærmare på grunnlaget for å etablere nærmare kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjoner med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjoner i framtida.
3. Rogaland fylkeskommune får ansvar for å koordinere arbeidet og får fullmakt til å engasjere naudsynt hjelpe til å organisere og gjennomføre arbeidet.
4. AU vil vere styringsgruppe for arbeidet.

Prenta vedlegg:

1. Notat datert 16.11.09

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

EXPO 2010 OG KINARELASJONAR

Oppsummering

Noreg har bestemt seg for å delta med ein eigen paviljong i samband med verdsutstillinga i Shanghai i 2010 – omtala som EXPO 2010. Det er budsjettet med 150 mill kroner, som skal gå til den norske satsinga, der Regjeringa har løyvd halvparten. Innovasjon Noreg har fått ansvar for å organisere og gjennomføre den norske satsinga.

Som eit av verdas største og raskt veksande økonomiar, er Kina særskilt interessant som marknad og som regional samarbeidspartner i framtida. Det er i ein slik samanheng ein må forstå ei deltaking knytt til EXPO 2010 og eit ønskje frå Vestlandsrådet om å delta i Kina i september 2010.

I saka vert det rådd til at Vestlandsrådet peiker ut ein delegasjon som reiser til Shanghai i 2010 som del av ein samla Vestlandsgruppe saman med m.a. sentrale nærings- og samfunnlivsaktørar på Vestlandet. Målet er å sjå nærmare på grunnlaget for å etablere nærmare kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjonar med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjonar.

Bakgrunn

I følgje Innovasjon Norge er Kina med sine 1.3 mrd innbyggjarar ein av verdens største og hurtig veksande økonomiar. Slik sett gjer dette Kina til ein særskilt relevant område også for regionar i Europa å knytte relasjonar til. På Vestlandet har dette på regionalt nivå blitt gjort i mindre grad, men nokre fylkeskommunar har allereie etablert formelle kontaktar her.

Bakgrunnen for at spørsmålet om Vestlandsrådet skal delta på EXPO 2010, skriv seg frå møte i Vestlandsrådet i Kristiansund der ein vedtok at Rogaland får ansvaret for å arbeide med å greie ut grunnlaget for å gå saman på Vestlandet og utarbeide ein felles presentasjon for Vestlandsrådet.

Alle eller nokre av fylkeskommunane / fylka har elles i ein tidlegare fase blitt kontakta av Innovasjon Norge for å sjå på grunnlaget for ei deltaking på EXPO 2010. Slik vi forstår det no, har Nordland fylkeskommune og Oslo kommune vedteke og delta som "juniorpartnerar" i den norske satsinga, medan andre fylke enno ikkje har bestemt seg.

I tillegg veit vi at ulike konstellasjonar frå m.a. næringslivet har vedteke å delta på EXPO 2010. Slik vi forstår det vil m.a. Greater Stavanger (som inkluderer Stavanger kommune og kommunane rundt, Stavanger Næringsråd m fl) og Bergen Næringsråd (som inkluderer Bergen Business Region, Maritim Forum, Bergen kommune m fl) delta saman i Shanghai m.a. gjennom eit besøk i perioden 19 til 25 mai. Denne konstellasjonen ser det som særskilt interessant om Vestlandet kan stå samla i samband med ein eller fleire presentasjonar i Shanghai i løpet av perioden EXPO 2010 går føre seg. Det vil kunne gi ein langt meir tyngre presentasjon i Shanghai enn om ein opptrer meir fragmentert. Det ville vore ein fordel her om ein samla også kan delta i regi av den norske EXPO 2010 satsinga.

I tillegg har NHO Rogaland tatt kontakt med Rogaland fylkeskommune med tanke på å etablere ein offentleg – privat konstellasjon på Vestlandet som saman kan delta i samband med EXPO 2010, men utan å gå inn som aktiv partner i den norske satsinga.

Problemstilling og alternative løysingar

Sjølv om denne saka til Vestlandsrådet har fokus på mogeleg deltaking i samband med EXPO 2010 i Shanghai, er det avgjerande å sjå dette i ein større samanheng som har med relasjonar til Kina generelt å gjere. Vi vil ikkje gå nærmare inn på dette problemkomplekset i denne omgang, men berre peike på at EXPO 2010 er ei enkeltståande hending som må settast inn i ein samanheng der ein ser satsing mot Kina meir generelt. T.d. når Nordland fylkeskommune går inn som aktiv partner i EXPO 2010, er det som eit strategisk grep i arbeidet med å styrke eit næringsmessig og politisk partnarskap med ein maritim region i Kina.

Hovudmålet for Vestlandsrådet med å delta i samband med EXPO 2010 må derfor vere

- Å sjá nærmare på grunnlaget for å etablere nærmare kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet
- Vurdere framtidige relasjonar med Kina
- Å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjonar i framtida

Slik vi ser det, er det to muligheter for Vestlandsrådet å delta i Shanghai i samband med EXPO 2010:

1. Vestlandsrådet deltek på EXPO 2010 som aktiv partner i form av ein "sponsorpakke ". Dette bør gjerast saman med andre aktuelle aktørar frå Vestlandet der dei respektive fylkeskommunane, næringsforeiningane i dei største byane og større bedrifter deltek. Det må i så fall bli arbeidd med sikte på å danne eit konsortium/prosjektorganisasjon. I så fall bør Vestlandsrådet vere budd på å delta med midlar til deltakinga. Det er naturleg i så fall at Vestlandsrådet deltek med føresetnad av at dei respektive fylkeskommunane tek del i arrangementet.
2. Representantar fra Vestlandsrådet deltek saman med m.a. NHO og andre sentrale aktørar, men utan å vere aktiv partner i den norske satsinga på EXPO 2010.

EXPO 2010 – nasjonal satsing og regionale partnarskap

Verdsutstillinga EXPO 2010 skal gå føre seg i Shanghai i Kina i 2010 i tida 1. mai til 31. oktober. Tema for verdsutstillinga er "Better City, Better Life". Dette blir den hittil største utanlandske mønstringa på kinesisk jord. Utstillinga tek også sikte på å gje alle land eit godt inntrykk av den store veksten og omstillingen som skjer i det kinesiske samfunn.

Regjeringa har bestemt at Noreg skal delta på Verdsutstillinga. Nærings- og handelsdepartementet er ansvarleg departementet og Innovasjon Norge har fått i oppdrag å gjennomføre prosjektet. Den norske deltakinga skal skje gjennom eit OPS (offentleg- privat samarbeid). Noreg har ei tomt på 3000 m² som ligg ved dei andre nordiske paviljongane. Temaet for den norske paviljongen er "Norway. Powered by Nature" som er henta frå reiselivet.

Den norske paviljongen vil bestå av eit publikumsområdet der det er venta 3 millionar besökande. Paviljongen skal gje dei besökande eit truverdig og godt inntrykk av kva Noreg står for gjennom ei rekke korte filmar som blir laga for dette formalet, gjennom interaktive opplevingar og gjennom eit anna opplevingsinnhald som tek sikte på å vekke nysgjerrigkeit og

begeistring. Det skal fortelje om det norske samfunn, arbeidsliv, samfunnsliv, næringsliv, forskning og utdanning, omsorg, reiseliv og kultur. Det er etablert ei rekke ressursgrupper som gjer innspel til dette arbeidet og det er gjennomført møter med fire panelar i Shanghai.

Den norske prosjektorganisasjonen i Innovasjon Norge inviterer regionale partnarar til å gå inn som del av den nasjon ale satsinga innanfor EXPO 2010 i form av ein "Sponsorpakke 2". Denne pakken har ein samla pris på i alt 3 mill kr. Og omfattar følgjande:

- disponering av VIP/business senteret i 3 dagar
- bistand til å etablere kontakt med aktuelle målgrupper i Kina
- bistand til arrangement i forkant av EXPO 2010
- omvisning på den norske paviljongen for deltaking og gjestar med guide
- omvisning på andre relevante paviljongar
- bistand til gjennomføring av kulturprogram
- bistand til kontakt med media
- invitasjon til Noreg si Paviljongdag 28. mai
- sponsorane blir nemnt i den trykksakene til den norske utstillinga, på oppslag i paviljongen og elektronisk

Sjå elles eige notat om den norske EXPO 2010 satsinga.

Vurdering

Fylkesrådmannen vil rá til at Vestlandrådet peiker ut ein delegasjon som reiser til Shanghai i 2010 som del av ein samla Vestlandsgruppe saman med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar. Målet er å sjá nærmare på grunnlaget for å etablere nærmare kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale aktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjoner med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjoner i framtida

Fylkesrådmannen vil vidare rá til at Rogaland fylkeskommune får ansvar for å koordinere ein samla delegasjon i regi av Vestlandsrådet og at dei får fullmakt til å engasjere naudsynt hjelp til å organisere og gjennomføre arbeidet. AU bør kunne få rolle som styringsgruppe for arbeidet.

Framlegg til vedtak

Vestlandrådet peiker ut ein delegasjon som reiser til Shanghai i september i 2010 i samband med EXPO 2010. Representantane frå Vestlandsrådet deltek som del av ein samla Vestlandsgruppe saman med sentrale aktørar frå Vestlandet. Målet er å sjá nærmare på grunnlaget for å etablere nærmare kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale næringsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjoner med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjoner i framtida.

Rogaland fylkeskommune får ansvar for å koordinere arbeidet og får fullmakt til å engasjere naudsynt hjelp til å organisere og gjennomføre arbeidet. AU vil vere styringsgruppe for arbeidet.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Trond Ueland

Arkivsaksnr.: 09/53
